



Lis Larsen
Ievegen 187
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4336 - 14/19427

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
10.12.2014

Godkjenning - utslepp til minireinseanlegg frå nytt husvære på gbnr 49/13.

Administrativt vedtak. Saknr: 359/2014

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad, motteke 13.11.2014, og supplerande dokumentasjon motteke 10.12.2014, om utsleppsløyve for nytt husvære på gbnr 49/13 på lo.

I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Reinsa utslepp skal førast til terreng på eigen eigedom.

Husværet skal koplast til kommunalt vassverk. Søknaden vert handsama saman med byggesaka.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Vurdering:

Eigedomen ligg i eit område med krav om reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Det er ikkje mogeleg å føre avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstillar NS-EN 12566-3 eller tilsvarande standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggja føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining, jfr. § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av "Forskrift om begrensing av forureining" sin § 12-5.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5, utsleppsløyve til minireinseanlegg for nytt husvære, 5 pe, på gbnr 49/13 i samsvar med søknad og kart motteke 13.11.2014 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk

Ansvarsrettar vert godkjent slik dei ligg føre i innsendt byggjesak, jf plan- og bygningslova.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart utslepp 49-13

Kopi til:

Byggmester Knut Henanger
Fløysand VA as

Orrhøyflaten 3
Fløksand
5918
5918

FREKHAUG
FREKHAUG

Mottakere:

Lis Larsen

levegen 187
5917

ROSSLAND